

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 085/2018 | Formannskapet i Radøy | PS | 22.11.2018 |
| 046/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS | 13.12.2018 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-----------------|--------------|--------------|
| Sveinung Kvamme | 18/1479 | 18/16402 |

Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 22

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22 for godkjenning i form av særskilt dokument vedlagt saka. Alle naudsynte vedtak om skattesatsar m.v. går fram av dokumentet.

Arbeid med standardisering av gebyr på VA-området i Lindås, Meland og Radøy gjer at gebyrdelen enno ikkje er ferdigstilt, men vil bli det i løpet av veke 46. Endeleg dokument vert ettersendt straks det er klart.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-22 vert vedteken i samsvar med budsjettdokument slik det ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 085/2018

FS - handsaming:

Ungdomsrådet sitt innspel til budsjett 2019 vart sendt ut på e-post til formannskapet før møtet.

Ordførar Jon Askeland presenterte budsjettinnspel frå fleirtalskoalisjonen (SP, AP, KRF). Kenneth Taule Murberg (H) sette fram Høgre sine innspel. Etter drøftingar vart det semje i formannskapet om eit felles framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan. Budsjettet vert lagt ut på høyring og skal handsamast endeleg i kommunestyret torsdag 13. desember.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22 vert vedteke med følgjande endringar:

| | Auke/Red | Tekst |
|---------------------------|---------------|-------|
| Driftsbudsjettet | | |
| 1. Saldering | | |
| Bruk av ubunde driftsfond | -kr 2 000 000 | |
| Bruk av integreringsfond | -kr 530 000 | |

| | | | |
|---|-----|-----------|-------------------------------------|
| | -kr | 2 530 000 | |
| Kostnad | | | |
| Reasfaltering | kr | 2 000 000 | Plan godkjennast av formannskapet. |
| Auka bemanning biblioteket | kr | 100 000 | Føresett plan for strilabiblioteket |
| Gratis SFO for funksjonshemma 5.-7.klasse | kr | 180 000 | |
| Nord- og midthordland sogelag, søknad | kr | 100 000 | |
| Radøy FK oppstarttilskot | kr | 150 000 | Fordelest aldersbestemt og senior |
| Sum/balanse | kr | - | |
| Investeringsbudsjettet | | | |
| Saldering, auka låneramme | kr | 1 400 000 | |
| Oppgradering Radøyhallen - idrettshallen tak/veggar. Planmidlar | kr | 100 000 | Rådmannen kjem tilbake med plan |
| Posten tursti Solendfjellet/klopper/rekkverk/sikring, auke | kr | 100 000 | |
| Oppgradering Nøtlevågvegen | kr | 1 000 000 | |
| Prestegarden, auka ramme for innvendig oppgradering | kr | 200 000 | Dugnadsbasert |
| Ballbinge Sæbø skule rehabiliterast | | | |
| Investeringar økonomiplanen | | | 2020 2021 2022 |
| Mindre investeringar | | | -1500000 -1500000 |
| Trafikksikring (Viktig at trafikksikring viser i økonomiplanen) | | | 1500000 1500000 |

Det vart også sett fram følgjande fellesframlegg til verbalpunkt i budsjett 2019:

- Kommunestyret ønskjer at BOF vurderer å etablere og drifta toalett ved badeplassen på Toskavegen.
- Kommunestyret ønskjer ein investeringsplan for RIB
- Kommunestyret ønskjer at det vert vurdert eigen inngang til helsestasjonen og betra funksjonaliteten på venterommet på helsehuset.
- Kommunestyret ber om kostnadsutgreiing for utetreningsapparat ved turløypa/ungdomsskulen, til revidert budsjett.
- Regelverket for fond må reviderast første kvartal 2019.
- Kommunestyret ynskjer yttarlegare satsing på symjeundervisinga, og ber om aktuelle tiltak.
- Kommunestyret ber om at det vert vurdert fadderordning for vedlikehald av turløyper.
- Radøy kommune vil ta initiativ til å byggja ein sterk kultur inn i Alver kommune, som i størst mogleg grad inviterer til samarbeid med lokale bedrifter og næringsliv.

- Radøy kommune ber at det i Alver kommune vert sett på vilkåra for skuleskys i høve kriteria for farleg og ekstra farleg skuleveg.
- Kommunestyret ber adm. og idrettsrådet vurdere tilskotsordning til vèrskur eller andre publikumstiltak ved fotballbanene.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019-22 vert vedteke med følgjande endringar:

| | Auke/Red | Tekst | | | |
|---|---------------|-------------------------------------|------|----------|----------|
| Driftsbudsjettet | | | | | |
| 1. Saldering | | | | | |
| Bruk av ubunde driftsfond | -kr 2 000 000 | | | | |
| Bruk av integreringsfond | -kr 530 000 | | | | |
| | -kr 2 530 000 | | | | |
| Kostnad | | | | | |
| Reasfaltering | kr 2 000 000 | Plan godkjennast av formannskapet. | | | |
| Auka bemanning biblioteket | kr 100 000 | Føresett plan for strilabiblioteket | | | |
| Gratis SFO for funksjonshemma 5.-7.klasse | kr 180 000 | | | | |
| Nord- og midthordland sogelag, søknad | kr 100 000 | | | | |
| Radøy FK oppstarttilskot | kr 150 000 | Fordelast aldersbestemt og senior | | | |
| Sum/balanse | kr - | | | | |
| Investeringsbudsjettet | | | | | |
| Saldering, auka låneramme | kr 1 400 000 | | | | |
| Oppgradering Radøyhallen - idrettshallen tak/veggar. Planmidlar | kr 100 000 | Rådmannen kjem tilbake med plan | | | |
| Posten tursti Solendfjellet/klopper/rekkverk/sikring, auke | kr 100 000 | | | | |
| Oppgradering Nøtleivågvegen | kr 1 000 000 | | | | |
| Prestegarden, auka ramme for innvendig oppgradering | kr 200 000 | Dugnadsbasert | | | |
| Ballbinge Sæbø skule rehabiliterast | | | | | |
| Investeringar økonomiplanen | | | 2020 | 2021 | 2022 |
| Mindre investeringar | | | | -1500000 | -1500000 |
| Trafikksikring (Viktig at trafikksikring viser i | | | | 1500000 | 1500000 |

økonomiplanen)

Det vart også sett fram følgjande fellesframlegg til verbalpunkt i budsjett 2019:

- Kommunestyret ønskjer at BOF vurderer å etablera og drifta toalett ved badeplassen på Toskavegen.
- Kommunestyret ønskjer ein investeringsplan for RIB
- Kommunestyret ønskjer at det vert vurdert eigen inngang til helsestasjonen og betra funksjonaliteten på venterommet på helsehuset.
- Kommunestyret ber om kostnadsutgreiing for utetreningsapparat ved turløypa/ungdomsskolen, til revidert budsjett.
- Regelverket for fond må reviderast første kvartal 2019.
- Kommunestyret ynskjer yttarlegare satsing på symjeundervisinga, og ber om aktuelle tiltak.
- Kommunestyret ber om at det vert vurdert fadderordning for vedlikehald av turløyper.
- Radøy kommune vil ta initiativ til å byggja ein sterk kultur inn i Alver kommune, som i størst mogleg grad inviterer til samarbeid med lokale bedrifter og næringsliv.
- Radøy kommune ber at det i Alver kommune vert sett på vilkåra for skuleskys i høve kriteria for farleg og ekstra farleg skuleveg.
- Kommunestyret ber adm. og idrettsrådet vurdere tilskotsordning til vèrskur eller andre publikumstiltak ved fotballbanene.

Kommunestyret i Radøy - 046/2018

KS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-22.

For å sikra korrekt vedtak i høve endringar i eigedomsskattelova, sette rådmannen fram følgjande forslag om endring i tekst i dokument knytt til eigedomsskatt:

- I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skriv Radøy kommune ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile kommunen.
- Det vert skrivne ut skatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når tidlegare verkt og bruk skal takserast og reknast som næingseigedom frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 vera redusert med ein sjudel (jf. overgangsregel til esktl. § 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilde grunnlaget skal vera 7 promille.
- Den generelle skattesatsen er 7 promille. For bustadeigedomar og fritidseigedomar skal skattesatsen vera 3 promille (jf. esktl. § 12 a). Skattesats for ubygdde grunneigedomar skal vera 3 promille (jf. esktl. § 12 bokstav b).
- Alminneleg taksering vert utsett, og gjeldande takstar vert vidareført i 2019 (jf. esktl. § 8 A-3 (2)).
- Eigedomsskatten skal betalast i tre årlege terminar.

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, gjorde greie for idrettsrådet sitt innspel til budsjettet, mellom anna behov for auke i driftsmidlane (kulturmidlane) og vedlikehaldsmidlane til idrettssektoren.

Ordførar Jon Askeland orienterte om formannskapet sitt budsjettarbeid, og peika på at ein har søkt å unngå å leggja inn i driftsbudsjettet tiltak som vil gje ein varig kostnadsauke som kan vera usikker inn i Alver kommune. Han sa at det hadde vore nødvendig å utsetja nokre prosjekt dersom Radøy skulle ha halde fram som eigen kommune.

Gruppleiarane i kvart parti held hovudinnlegg på inntil fire minuttar. Representantane gav rådmannen og hans stab honnør for arbeidet som blir gjort, og det vart framheva at Radøy kommune har veldig god styring.

Etter hovudinnlegga vart det opna for innlegg på inntil tre minuttar.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Kommunestyret ber om at det vert løyvt kr 150.000,- til diakonstilling.

Det vart halde gruppleiarmøte.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) trekte sitt framlegg.

På vegne av V, H, Frp, KrF og Sp sette Frode Hervik fram følgjande tilleggsframlegg:

Driftsbudsjettet:

Vedlikehaldsmidlar idrettsanlegg + kr 50.000,-

Kulturmidlar (driftsmidlar) til lag og organisasjonar + kr 50.000,-

Diakonistilling, øyremerka tilskot til soknerådet + kr 100.000,-

Inndekking over ubunde driftsfond

Tekstframlegg:

* Reinholdet i Radøyhallen (idrettshallen) er ikkje tilfredsstillande. Rådmannen vert beden om å sjå til at det vert eit betre reinhold. Dersom det trengst ekstra midlar, vert dette å dekkja inn i revidert budsjett.

* Det vert lagt til grunn for arbeidet med utviding av Manger skule at ein planlegg for ein to-parallellar skule, og at det også vert lagt opp til ei utviding av uteområdet ved skulen, som i dag er for lite. Oppgradering av uteområdet må ein også sjå i samanheng med nærmiljøanlegg /ballflate ved Manger skule, jf prioriteringslista for idrettsanlegg.

* Bogatunet og Syltastova er dei eldste bygga i kommunen. Det er viktig at kommunen er ein aktiv støttespelar for Nord- og Midhordland sogelag, både når det gjeld vedlikehald, tilsyn og skjøtsel av uteområde, samt ved å leggja til rette for formidling av desse bygga.

På vegne av AP og FRP sette Morgan Taule fram følgjande tilleggsframlegg:

Det skal setjast av midlar til ergoterapi i Radøy kommune - stort kr 300.000,-.

Finansiering over ubunde disposisjonsfond.

På vegne av SP, AP og KRF sette Leif Taule fram følgjande felles tilleggsframlegg:

Biblioteket - auke i budsjettamma + kr 50.000,-

Total auke på kr 150.000 er generell styrking og har ikkje bindingar knytt til bruk.

Saldering frå integreringsfond.

Kenneth Taule Murberg (H) sette fram følgjande tilleggsframlegg som verbalpunkt frå Radøy Høgre:

Radøy kommune har vedtatt at Bøvågen skal bli eit sentrumsområde i Alver kommune.

For å få dette til må kommunedelplanen for Bø bli ferdig før vi kjem i Alver kommune. Vi set fram forslag om å setja av inntil 1 mill. kroner frå Havbruksfondet for å ferdigstillast denne planen i 2019.

Avrøysting

Rådmannen sitt framlegg til endring i tekstdokument for eigedomsskatt vart samrøystes vedteke. Felles tilleggsframlegg frå V, H, Frp, KrF og Sp - vedlikehaldsmidlar idrettsanlegg, vart samrøystes vedteke.

Felles tilleggsframlegg frå V, H, Frp, KrF og SP - auke i kulturmidlar, vart samrøystes vedteke, vart samrøystes vedteke.

Felles tilleggsframlegg frå V, H, FrP, KRF og SP - midlar til diakonistilling, vart vedteke mot 5 røyster (Roy Bø (Frp), 4 AP)

Felles tilleggsframlegg frå SP, AP og KRF - auke til biblioteket, vart samrøystes vedteke.

Felles tilleggsframlegg frå AP/FRP - midlar til ergoterapi, vart samrøystes vedteke.

Tekstframlegg

Fellesframlegg frå V, H, FRP, KRF, SP - vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Høgre - ferdigstilling av kommunedelplan for Bø i 2019, vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet sitt framlagde budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-22 med tilleggspunkt vedteke i møtet.

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek formannskapet sitt framlagde budsjett for 2019 og økonomiplan med tilleggspunkt vedteke i møtet.

Vedlegg:

Budsjett 2019 - formannskapet 8.nov.

Budsjett_2019_rådmannen_endeleg

Notat konsolidering av økonomiplanane

Harmonisering sjølvkostfond VA (L)(198697)

Nord- og Midthordland sogelag - søknad om økonomisk støtte